

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 18.03.2014

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke

Vedtak

1. Det er ikkje gjennomført kulturminnefaglege undersøkingar i sjø i samsvar med krav frå Bergen Sjøfartsmuseum. Spørsmålet om undersøkingar i sjø må avklarast og arealet godkjennast brukt før planen kan eigengodkjennast av kommunen.
Det vert fremja motsegn på dette punktet.
2. Planen tek ikkje i tilstrekkeleg grad omsyn til fv. 551 i planområdet. Det vert sett fram krav om følgjande endringar:
 - A. Planen må leggja til grunn ein normalprofil for vegen gjennom området på 7,5 m.
 - B. På begge sider av vegen må det regulerast inn eit belte på minst 3 m som: Anna veggrunn. Føremålet vil vera drift og vedlikehald av vegen.
 - C. Vegkryss mellom fv. 551 og kommunal veg med frisiktsoner må inkluderast i planområdet.
 - D. I føresegnene må det takast inn som eit punkt i rekkefølgjekrav: - Frisikt til fv.551.
 - E. Fv. 551 er rekna å ha ein regional transportfunksjon. For å førebyggja framtidige problem som følgje av etablering nær vegen vert det sett fram krav om byggjegrense for både bustader og fritidsbustader på 20 m frå vegmidte på begge sider av vegen gjennom planområdet.
 - F. I føresegnene til reguleringsplanen skal det gjerast greie for kva restriksjonar og krav som gjeld for bygging i støysonene.

Dersom planen ikkje vert endra i samsvar med punkta 2A – 2F vert det fremja motsegn til kvart av desse.

3. I tilknytning til vegkrysset mellom fv. 551 og kommunal veg vert det tilrådd opparbeiding av busstopp.